



■ rundskriv nr. 14/16

Frå:	Til:
Utdanningsavdelinga	Dei vidaregåande skolane i Møre og Romsdal
Dato:	Ref:
04.08.2016	68591/2016/062

2. gongs inntak for skoleåret 2016/2017

./.. Vedlagt følgjer inntaks- og ventelister for andre gongs inntak til skoleåret 2016/2017.

Det blir sendt ut melding på e-post om eksport av inntaket til Extens.

Nytt frå i år, digitale ventelister

I år skal skolane også eksportere søkarar som står på ventelister inn i Extens. Dette skal gjerast for å få in alle dei opplysningane ein treng rett frå VIGO.

Skolane skal få txt-filer med ventelister, men **vi må ha ein kontaktperson ved skolen å sende fila til**. Kontaktpersonen skal sende e-post til inntak@mrfylke.no og be om å få den digitale ventelista. Kontaktpersonen får i retur ei txt-fil, og ei oppskrift på korleis opplysningane i fila skal lastast inn.

Melding til søkarane

Søkarar som har opplyst mobiltelefonnummer på søknaden sin, får melding om 2. gongs inntak på SMS i løpet av torsdag 4. august. Meldinga inneheld beskjed om å gå inn på vigo.no for å sjå resultatet av inntaket. Dei vil trenge MinID for å kome inn på vigo.no. Sjølv om søkarane ikkje greier å overhalde den korte svarfristen, vil dei ikkje miste den tildelte skoleplassen.

Svarfrist for søkarane til 2. gongs inntak er 11. august.

Kodar på inntaks- og ventelistene:

Sjå rundskriv 13/16 (Fellesinntaket for skoleåret 2016/2017).

Rettslevar utan skoletilbod

Etter 2. inntaket 2016/2017 har vi nokre søkarar til Vg1, Vg2 og Vg3 som har ungdomsrett som ikkje har fått eit tilbod enno, og vi har søkarar med fullføringsrett på Vg2 og Vg3 som framleis manglar tilbod. Desse må utdanningsavdelinga gi eit tilbod om plass før skolestart.

NB! Ingen skolar må ta inn frå ventelistene før utdanningsavdelinga gir klarsignal om at det er greit.

Ventelister etter at inntaket er frigitt

Det er nokre søkarar som kjem frå grunnskolen, som har blitt vidaresøkt til tilbod ved andre skolar som ligg svært langt borte, fordi det ikkje er plass på tilboda dei har søkt. Det er difor viktig at skolane tek kontakt med dei søkarane som står på ventelistene etter 2. gongs inntak sjølv om dei har fått tilbod på andre skolar.

I samband med at lokal inntaksforskrift vart sett i kraft 1. august 2015, vart det innført felles rutinar for inntak frå ventelister. Rutinane står i merknadane til den lokale forskrifta. De finn både den lokale forskrifta og merknadane til denne på vilbli.no: <https://www.vilbli.no/nn/nn/more-og-romsdal/lokal-inntaksforskrift/a/021896/>

Det er viktig at skolane følgjer ventelistene som kjem frå utdanningsavdelinga.

NB: Ungdomsrett går framfor fullføringsrett og vaksenrett, og deretter søkarar med ikkje rett.

Lengst bak i ventelistene, i kolonne heilt til høgre "inntatt", ser de at det kan stå ønskenr 90 eller 91 på nokre søkarar. Dette er søkarar som er blitt vidaresøkt til ein ledig plass på ein annan skole, som han/ho ikkje har søkt til. Dersom det står NEI i denne kolonna så er det ein søkar som har fått et tilbod ved 1. inntaket, og som har takka nei til tilbodet.

Inntak frå skolen si eiga venteliste

Søkarar som har hatt ønske om å omprioritere ønska sine etter at inntaket er kjørt, eller som ikkje har sendt inn søknad før 1. inntaket, har fått melding frå oss om å ta kontakt med skolane for å sette seg opp på eiga venteliste.

Skolane får **ikkje** starte med å ta inn frå denne ventelista, før ventelista frå oss er tømt, og vi har gitt klarsignal på at alle søkarane med ungdomsrett har fått eit tilbod. Vi har ikkje gitt retningslinjer for sortering av den interne ventelista, men dei fleste skolane praktiserer der "først til mølla". Ungdomsrettelevar kjem føre fullføringsrett/vaksenrett og til slutt ikkje rett.

NB! Det er skolen sitt ansvar å kontrollere at søkarane er kvalifisert til tilbod de tek dei inn til. Dette gjeld både kompetansebevis og at dei må ha gyldig opphaldsløyve dersom dei er minoritetspråklege.

Elevar som ikkje møter 1. skoledag

Det er ein del søkarar som får melding om inntak kort tid før skolestart, så difor kan det vere elevar som ikkje møter fram første skoledag. Skolen må difor vere sikker på at meldinga er nådd fram til eleven, før han/ho mister skoletilbodet.

Meldeskjema (B-skjema)

Dersom det er søkarar som er tatt inn ved andre skolar enn den som var 1. ønske på søknaden, så vert B-skjema med dokumentasjon send til skolen seinast i løpet av veke 33.

Ajourhald

Når det gjeld ajourhald og registreringar i Extens ved skolestart, så er det viktig at de bruker informasjon i definisjonskatalogen og Brukerhåndbok, samt informasjon frå Anita Waatvik om basisgruppenamn.

Med helsing

Geir Løkhaug
seksjonsleiar

Laila H. T. Nielsen
rådgivar

Gjenpart:
Fylkesrådmannen
Fylkesordføraren
Lærarorganisasjonane
Utdanningsutvalet
Yrkesopplæringsnemnda